

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Pb. 7900
5020 Bergen



Att: Ole Vegard Skauge.

Aurland, 13. august 2019.

Søknad om tilskot til finansiering av stillinga som Kulturvernforvaltar.

Syner til vedlagt kopi av søknad til Riksantikvaren(RA) fra Vestnorsk fjordlandskap v/ leiarane om tilskot til etablering av 2 faste stillinger som Kulturvernforvaltar i verdsarvområdet.

Kvar stilling har eit samla justert budsjett på kr.1 000 000,- pr. år. For Nærøyfjordområdet sin del vert Kulturvernforvaltaren organisatorisk plassert hjå Verdsarvparken. Det er ei målsetjing at stillinga er operativ frå tidlig 2020.

Søknaden er tufta på gode røynsler med tidligare prosjektstillingar som Restaurerings-handverkar i kvart delområde, gjennomføring/ oppfølging av restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden samt Verdsarvrådet sine drøftingar og semje i VF-sak 12/18.

RA melde i fyrste omgang avslag via e-post dagsett 16. oktober 2018. Verdsarvkoordinatorane ba i etterkant av dette om eit møte med RA for å gjennomgå/ drøfte saka nærmare. Møtet vart gjennomført hjå RA 14. februar 2019 kor m.a. repr. for fylkeskommunane i Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal samt Storfjordens Venner var til stades.

Den korte konklusjonen frå møtet kan oppsummerast slik: *RA er positiv til å kunne stille med inntil 50% av finansieringa men utfordra samstundes regionalt/ lokalt nivå til å løyve resten av midlane.*

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfk) har handsama søknad om økonomisk støtte til tilsvarende stilling for Geirangerfjordområdet i sak KF-1/19. Der vart det løyvd kr. 150 000,- med etterhald om at kommunane (*Stranda og Norddal*) og stiftinga sikrar resten av finansieringa.

MRfk har sidan etableringa av Geirangerfjorden Verdsarv løyvd betydelege midlar til drift og utvikling av stiftinga. Det same kan ikkje seiast om Stranda og Norddal kommunar sitt økonomiske engasjement.

Vi vel difor i fyrste omgang å sende søknad berre til regionalt nivå og grunngjev dette med at verdsarv – og stiftarkommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal i lengre tid har sikra grunnfinansieringa av Verdsarvparken med tilsaman kr. 700 000,-. Sogn og Fjordane fylkeskommune, som også er ein av stiftarane, løyvde først i 2018 midlar til grunnfinansiering.



Hordaland fylkeskommune har så langt ikkje løyvd midlar til grunnfinansiering av Verdsarvparken.

Med grunnlag i det som er nemnt over søker vi no Hordaland fylkeskommune om om kr. 250 000,- (25%) til delfinansiering av stillinga som Kulturvernforvaltar for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden.

Likelydande søknad vert sendt Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ved evt. spørsmål, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med venleg helsing



Erling Opheim
Dagleg leiar

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Erling Opheim". Below the signature, the name "Erling Opheim" is printed in a standard font, followed by "Dagleg leiar" (Draeger) in a smaller font.

Kopi:

- Katrin Blomvik, stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

Vedlegg:

- Kopi av søknad til Riksantikvaren, dagsett 3. september 2018.
- Kopi av svar frå Riksantikvaren, dagsett 16.oktober 2018.
- Skriv frå MRfk til stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, dagsett 27. juni 2019.